


Årsmelding for Ålhus sokneråd 2019



Ålhus sokneråd frå okt 2015- okt 2019

Medlemer:

Marta Fimreite
Anne Turid Taklo
Kåre Olav Gjesdal
Reidun Gravdal Nedrebø
Nina Årset Solheim
Normann Aarseth

Varamedlemer:

Aud A.Tveit Solheimsnes
Sverre Gjesdal
Norunn B.Hjellbrekke
Einar Helge Hansen
Bjørg Dvergsdal

Prest: Silje Sørebo

Leiar :

Marta Fimreite

Nestleiar :

Kåre Olav Gjesdal

Medlemer til Jølster
kyrkjelege fellesråd:

Anne Turid Taklo,
Normann Aarseth

Vassenden kyrkjesenter

Nina Årset Solheim frå soknerådet
Sverre Gjesdal frå kyrkjelyden

Ålhus sokneråd frå okt 2019 – okt 2023

Medlemer:

Marta Fimreite
Reidun Gravdal Nedrebø
Nina Årset Solheim
Ellinor Østenstad
Merete Helgheim
Aud Anny Tveit Solheimsnes

Varamedlemer:

Irene Muren Knapstad
Arvid Tveit
Einar Helge Hansen
Laila Kristine A. Støfring
Magne Kristian Kvinge

Prest: Silje Sørebo

Leiar :

Marta Fimreite

Nestleiar :

Nina Årset Solheim

Medlemer til Sunnfjord
kyrkjelege fellesråd:

Merete Helgheim. Ålhus sokn,
vara: Marta Fimreite
Astrid Aa.Feldt. Helgheim sokn
vara: Hildegunn Huus
Arvid Tveit frå soknerådet
Sverre Gjesdal frå kyrkjelyden

Vassenden kyrkjesenter

RÅDET SITT ARBEID

I 2019 har Ålhus sokneråd handsama 13 protokollførde saker. I tillegg 50 saker i felles soknerådsmøte, Ålhus - og Helgheim sokn. Begge sokna ser positivt på å ha fellesmøte.

Av saker i 2019 nemner vi:

- Kyrkjelydstur, Urnes stavkyrkje
- Fasteaksjon, Kirkens Nødhjelp
- Planleggje konfirmantfest
- Vurdering av arbeidet i kyrkjelyden
- Teke ut benk på høgre sida i Ålhus kyrkje
- Kyrkjeval 2019
- Arrangement i samband med bokåret 2019
- Samanslåing av fellesråda i nye Sunnfjord kommune og besøk av kyrkjeverje for det nye fellesrådet: Inger Hageberg

Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudsteneste planer, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, konfirmantfest, 50- årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar til frivillig arbeid m.m..

ARBEIDET I SOKNET

Gudstenestene i Ålhus kyrkje og på Vassenden kyrkjesenter

Det har vore ca ei gudsteneste i månaden på Vassenden kyrkjesenter og ei gudsteneste i månaden i Ålhus kyrkje.

Soknerådsmedlemmer stiller som kyrkjevert på gudstenestene. Dei har delt ut salmebøker til dei vaksne og teiknesaker til borna. Etter dei aller fleste gudstenestene både i Ålhus og på Vassenden kyrkjesenter har det vore kyrkjekaffi. Soknerådsmedlemene står for kakebaking og servering.

Altaret i kyrkjene våre er alltid fint pynta med blomar. Dette er ei oppgåve som kyrkjevertane har ansvar for. Stor takk til dei for at dei pyntar altaret og at dei deler ut salmebøker og ønskjer folk velkomne til kyrkje.

Klokkarane har ei viktig oppgåve under gudstenesta. Vi er glade for å ha dyktig ungdomsklokkar i Ålhus sokn.

Ved dåpsgudstenester har fadrane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing. Jølster har mange gode song- og musikkrefter, og dei har vore nytta både i gudstenestene og i eigne arrangement. Konfirmantane er medhjelparar ved gudsteneste i løpet av konfirmanttida.

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- familiegudstenester i samband med trusopplæringstiltak (sjå nedanfor under trusopplæring)
- samtalegudstenesta for konfirmantane både i Ålhus sokn og Helgheim sokn er lagt fast til Vassenden kyrkjesenter. Like etter gudstenesta lagar sokneråda, i samarbeid med foreldra til fjorårskonfirmantane og soknepresten, til fest for konfirmantane.
- markering av skaparverkets dag ved Sandalen grendahus i juni. Eikås 4H og Naturvernforbundet bidrog ved arrangementet i etterkant av gudstenesta.
- olsokgudsteneste i Movika i samarbeid med Førde
- gudsteneste med konfirmantpresentasjon og jubileum for 50 års – konfirmantar i Ålhus kyrkje. Soknerådet arrangerte middag for 50 årskonfirmantane etter gudstenesta
- gudsteneste i samband med Jazz på Jølst med besøk frå Carl Petter Opsahl
- gudsteneste føre jul for skulen på Vassenden kyrkjesenter og julevandring for barnehagane i Ålhus kyrkje
- andakt på Skei Omsorgsenter

Elles kan det nemnast at det har vore opa kyrkje og tidebøn på Vassenden kyrkjesenter kvar tysdag frå slutten av oktober. Tidebøna har vore kl 11, med ein kort liturgi (gjerne bønner som vert lesne som veksellesing og lesing frå Bibelen) og orgelmusikk. I haust har vi også hatt kaffi/te med noko attåt, i etterkant av tidebøna

Anna arbeid/ andre arrangement i soknet

- Kyrkjelydstur Urnes Stavkyrkje
- Juletefest på Vassenden kyrkjesenter 4. juledag
- Fasteaksjon i april
- Litterært gjestebod i prestegarden på Ålhus i etterkant av teaterframsyninga «Babettes gjestebod». Gjestebodet vart arrangert i samarbeid med Helgheim sokn og biblioteket i Jølster/Rom for ord. Arrangementet var ein del av bokåret 2019.
- Kveldssete om bibel og bygdeliv i Myklebust grendehus i Oktober. Det var foredrag om Bibelen med forfattar Alf Kjetil Walgermo og diverse lokale bidragsytarar. Arrangementet blei arrangert i samarbeid med Helgheim sokneråd, biblioteket i Jølster/Rom for ord i samband med Bokåret 2019.
- Forfattartreff for barn med forfattar Alf Kjetil Walgermo på Vassenden kyrkjesenter. I samarbeid med Helgheim sokneråd, biblioteket i Jølster/Rom for ord. I høve bokåret 2019.
- Adventssamling i stova ved omsorgsbustadene på Vassenden. Allsong, andakt og kaffe og kaker.
- Ålhus sokn har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap. Det vi støttar prosjekt som handlar om å betre kvinners levevilkår i Etiopia. Vi har hatt to ofringar til dette prosjektet. Avtalen går ut ved utgangen i 2019 då soknerådet vil gjere nytt vedtak om misjonsavtale.

- Ålhus sokn er Grøn kyrkjelyd

Arrangement i regi av andre

- Fleire konsertar av ulike kor og orkester

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid

Annakvar torsdag har det vore torsdagsklubb på Vassenden kyrkjesenter. Dette er ein søndagskule på kvardag. Marta Fimreite, Ingeborg Slåtten, Silje Sørebo og konfirmantar har vore leiarar for dette. Det kjem i snitt 15 barn. På torsdagsklubb er det bibelforteljing og song, hobbyaktivitet, leik og kveldsmat.

Etter haustferien har det vore barnesong i Ålhus kyrkje annakvar måndag. Tilbod for heile Jølster. Ca 10 barn har vore med. Ellen Svidal og Silje Sørebo har leia dette og Inger Lind Aasen har spilt piano til.

Tidsavgrensa tiltak

Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringstilbod

Prestane gjennomførte dåpssamtalar med alle dåpsforeldre.

Alle døypte får dåpslys, dåpsplakat og dåpsforeldra får ei dåpsbok for foreldre som heiter Arvegull. I kyrkja har vi fått eit dåpstre, der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

Alle babyar har vorte invitert til babysong. Babysong har vore på Vassenden kyrkjesenter annakvar torsdag, og soknepresten har leia samlingane, medan Inger Lind Aasen og Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat. Dette tilbodet er felles for heile Jølster.

2 og 3 –åringar frå heile Jølster vart invitert til «Trygg til natta»-gudsteneste på Skei misjonshus i januar. Det var fokus på kveldsbøner og kveldssongar og vi åt kveldsmat i lag.

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Ålhus var laurdagssamling på Vassenden kyrkjesenter og gudsteneste med bokutdeling på søndagen.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest i Ålhus kyrkje. 5-åringane vart oppfordra til å ta med seg grønsaker til kyrkja og gå inn i prosesjon i starten av gudstenesta. Etter gudstenesta var det grilling og aktivitetar i prestegardshagen i regi av Kransen 4H. Vi takkar 4H for samarbeidet og eit flott arrangement.

Samlingane for 6-åringar med utdeling av 6-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Ålhus sokn var det ei onsdagssamling på Vassenden kyrkjesenter før 6-åringane fekk utdelt boka i familiegudstenesta 1. søndag i advent i Ålhus kyrkje.

Seks- og sjuåringane fekk eiga innbyding til julefesten på Vassenden kyrkjesenter.

8- åringar vart invitert til to påskesamlingar etter skulen på Vassenden kyrkjesenter og til felles familiegudsteneste i Helgheim kyrkje på palmesøndag med utdeling av barnesalmebok.

Tårnagenthelga for alle niåringar i Jølster var stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet og kyrkjeklokkene er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag. Tårnagentar, senioragentar, englevakter, bakarar og fleire med meir eller mindre hemmelege oppdrag deltok.

10-åringar vart invitert til to kvardagssamlingar(kode –B) på Vassenden kyrkjesenter og utdeling av «Den levande boka» i familiegudsteneste i Ålhus kyrkje. Etter gudstenesta inviterte «Kransen 4H» til fastelavns- feiring i Borgja.

Alle 10 og 11 -åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken- leir på Vassenden kyrkjesenter. Det var overnatting frå laurdag til søndag, og barna deltok på gudstenesta på søndagen i lag med foreldra. Speidarleiarar var med og hjelpte til, i tillegg til foreldre og nokre ungdommar frå Vassenden.

Frammøte på dei ulike tiltaka er varierende. Kyrkja konkurrerer med mykje anna aktivitet. Gledeleg var det i år at 30 barn meldte seg på Lys Vaken leir på Vassenden kyrkjesenter. Oppmøte på babysong har også tatt seg opp. Her kan det komme frå 6 til 12 foreldre med barn kvar gong.

Oppslutning om konfirmasjon er framleis høg. Nytt i konfirmantopplegget dette året, var at det i mars vart arrangert konfirmantleir på Alværa for alle konfirmantane i Jølster. Leiren var arrangement i samarbeid med Det norske misjonsselskap, og det var gode tilbakemeldingar på denne leiren frå konfirmantane.

I august, veka før skulen, vart det, som i 2018, arrangert introkurs for nye konfirmantar. Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var både på Vassenden kyrkjesenter, Skei misjonshus, Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilgrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje. I oktober var dei på nattcup og dei deltok med førebuingar og gjennomføring av lysmesse 1. søndag i advent. Elles har konfirmantane valt ein aktivitet i kyrkjelyden som dei skal vere med på i løpet av året. Dei er enten med konfirmantklubb på kyrkjesenteret eller som medhjelparar på torsdagsklubben . Dei hadde også tilbod om å vere med på deciding i Førde, og eit par stykke valde dette. Det har vore klubb ca 1 gong i månaden denne hausten, slik det også var for konfirmantane våren 2019. Konfirmantane er også medhjelparar ved gudstenester. Foreldre hjelper også ved dette kullet til med servering av mat ved samlingar. No denne våren ventar m. a. konfirmantleir på Alværa der nokre av fjorårskonfirmantane blir med som medhjelparar.

Nytt i 2019 var at det også vart arrangement reunion i desember for dei som var konfirmert våren 2019. Ein stor del av kullet møtte opp til taco, leik, prat og allsong frå konfirmanttida.

Trusopplæringsutvalet, trusopplærar, soknerådsmedlemmer, prestar, kantor, foreldre, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet.

Utval

Trusopplæringsutval frå Ålhus sokn: Annette Slåtten, Reidun Gravdal Nedrebø, Rune Molvik, Silje Sørebo, Ute Lindner.

Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Kåre Olav Gjesdal.

Kyrkjemusikalsk arbeid

Det har vore songkveldar i kyrkjeseenteret også dette året, både vinter, vår og haust. 2. påskedag var vi igjen samla for å synge saman nokre av songskattane vi har i salmeboka med tema for påsketida. Verdifullt for salmesongen i begge kyrkjelydane i bygda.

Til konfirmasjonsgudstenesta i Vassenden kyrkjeseenter, fekk vi med ungdommer i solosong og på blåseinstrument. Konfirmantane sjølv hadde songinnslag i konf.gudstenesta. Ei forsongargruppe var med å løfte songen denne dagen.

Ei songgruppe var med å leia songen under gudstenesta i høve Jazz på Jølst, og som i år var i Vassenden kyrkjeseenter. Her deltok i tillegg jazzmusikar og komponist Carl-Petter Opsahl, frå Oslo. Dette vart ei fin gudsteneste med songar og salmar frå Spiritual- og gospeltradisjonen.

Vassenden skulemusikk stiller alltid på julaftangudstenesta i Vassenden kyrkjeseenter. Takk til dei for at dei er med å skape fin musikalsk ramme på ein stor dag i kyrkjelyden.

Ein, to eller tre frå blåsarar frå Jølster musikklag har også i år vore med å skape fest under ulike gudstenester, og i juledagsgudsteneste i Ålhus fekk vi juletonar med miks av blåsarar og orgel. Nede i kyrkja fekk vi songinnslag av SkeiVass-koret. Takk til dei for at dei stiller.

Hyrdingrøysta

Redaksjon: Hallstein Dvergsdal, Hildegunn Huus og Bjørg Dvergsdal

Kasserar: Nils Klakegg

Soknerådet vil takke alle fire for godt utført arbeid.

For å spare utgifter til porto, er det mange som har vore viljuge til å køyre rundt i grendene og leggja bladet i postkassane. Dette tiltaket er med å sikra økonomien til bladet.

Vassenden kyrkjeseenter

Huset er svært praktisk både for barn, ungdom og vaksne til dei ulike aktivitetane i kyrkjelyden. Og er såleis ein viktig møteplass i soknet.

RESULTAT 2019 – HYRDINGSRØYSTA

	Inntekter	Utgifter
Bladpengar	Kr 109.100,00	
Trykking		Kr 29.250,00
Reklame	Kr 27.000,00	
Porto		Kr 13.669,50
Minnegåve	Kr 4.000,00	
Offer	Kr 8.114,00	
Gebyr		Kr 51,00
Kontor		
Premie		
Refusjon løn		Kr 39.000,00
Renter	Kr 24,00	
	Kr 148.238,00	Kr 81.970,50
Overskot		Kr 66.267,50
	Kr 148.238,00	Kr 148.238,00

BALANSE REKNESKAP 2019

Saldo pr 01.01.19	Kr 27.348,77	
Sum omsetnad	Kr 148.238,00	Kr 81.970,50
Saldo pr 31.12.19		Kr 93.616,27
	Kr 175.586,77	Kr 175.586,77

Faktura for trykking av nr 3 og nr 4 2019 på tilsaman kr. 29.250,- fekk eg på mail etter nyttår, så dei blei betalt i januar og kjem difor med på rekneskapen for 2020.

Kr. 7.000,- av det som kom inn på reklame er frå 2018

Vassenden, 07.01.20

Nils Klakegg

VASSENDEN 16.01.2020
REKNESKAPEN ER REVID.
ALT OK.
NOROLV ÅRDAL.

Statistikk

Ålhus sokn	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Innmelde i kyrkja	1	1	0	2	0	0	0	1
Utmelde av kyrkja	6	4	2	18	6	1	0	-
Døyppte	20	14	18	13	15	22	16	28
Døyppte heimehøyrande i soknet	11	10	16	10	8	14	14	13
Vigde	2	4	3	5	1	4	4	8
Gravlagde	9	14	12	15	14	12	13	20
Konfirmerte	22	23	16	22	27	36	26	15
Tal gudstenester søn- og helgedagar	33	30	30	31	30	32	33	31
Deltakarar på gudstenester	3545	2702	2498	2490	2604	3905	2961	2937
Gudstenester med nattverd	20	16	17	24	20	14	26	26
Nattverdsgjester	509	340	380	505	369	417	654	653
Familiegudstenester	7	6	4	7	3	4	4	4
Deltakarar	610	528	443	690	320	616	567	586
Julevandring for barnehagane	1	1	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	50	50	75	72	70	86	43	85
Skulegudsteneste	1	1	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	320	300	330	250	300	304	313	298
Musikkgudstenester	5	6	3					
Deltakarar	256	180	130					
Soknebod	1			1				
Offer / kollekt i kyrkja	83827	70558	78824	79507	85609	92970	83542	95717

Bygg og Anlegg

Helge Årdal har hovudansvar for slått og stell av kyrkjegardane, med seg han har han hatt dyktige sommarhjelparar.

Han har og utført mykje godt ryddearbeid rundt kyrkja og på kyrkjegardane.

Større arbeid utført i 2019

-Grøf팅/drenering på Vassenden gravplass.

-Reparasjon av mur ved Ålhus kyrkje

Tilsette

Kyrkjeverje Trond Herløsdal har hatt ansvar for størsteparten av kyrkjeverja sine oppgåver, medan nokre av oppgåver har vore fordelt på andre tilsette.

Prest, kyrkjeverje, kantor, trusopplærar, driftsleiar, sekretær, klokkar og kyrkjetenar har alle gjort ein stor og god innsats for kyrkja. Takk til alle desse for godt arbeid.

Tilsette:

Silje Sørebo	Sokneprest (i 50 % frå august)
Carsten Langeland	Prest med hovudansvar for konfirmantar (vikar for Silje i 50%)
Trond Herløsdal	Kyrkjeverje
Helge Årdal	Driftsjef/kyrkjetenar
Rune Molvik	Kantor
Ute Lindner	Trusopplæringsleiar
Toril Øye	Sekretær
Aman Beyene	Kyrkjetenar
Amalie Birkeland	Klokkar

Rekneskap 2019

Rekneskapsavdelinga i Førde kommune fører rekneskapen til Ålhus sokneråd. Soknerådet hadde ved utgangen av året bankinnskott på kr 149.701, og rekneskapen viser 2976,97 i overskot.

I tidlegare årsmeldingar har det også vore opplysningar om økonomien i fondet for kyrkjelydsarbeidstenesta, eit fond som var felles for Ålhus og Helgheim sokneråd. Dette fondet er no, etter vedtak i fellesrådet, slått saman med ein del andre fond som fellesrådet hadde til eit nytt fond for barn, ungdom og diakoni.



Regnskapsskjema - Drift

2 Jølster kyrkjeleg fellesråd - 2019 - Ansvar: 300 Soknerådsleiar Ålhus

04.02.2020

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	5.613,25	0,00	0,00	19.230,74
Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
Refusjoner/overføringer	370,02	0,00	0,00	0,00
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Støttilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre tilskudd, gaver, innsamlende midler	116.022,74	105.000,00	105.000,00	111.095,06
Sum driftsinntekter	122.006,01	105.000,00	105.000,00	130.325,80
Utgifter				
Lønn og sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tjenester	13.592,02	12.000,00	12.000,00	30.997,00
Refusjoner/overføringer	19.820,02	27.000,00	27.000,00	38.700,00
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd og gaver	89.227,00	75.000,00	75.000,00	84.563,50
Sum driftsutgifter:	122.639,04	114.000,00	114.000,00	154.260,50
Brutto driftsresultat:	-633,03	-9.000,00	-9.000,00	-23.934,70
Renteinntekter og utbytte	3.610,00	3.000,00	3.000,00	3.362,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter og låneomkostn.	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto finansinntekter/-utgifter	3.610,00	3.000,00	3.000,00	3.362,00
Avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto driftsresultat	2.976,97	-6.000,00	-6.000,00	-20.572,70
Interne finansieringstransaksjoner:				
Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	2.243,04	10.000,00	10.000,00	18.329,66
Sum bruk av avsetninger	2.243,04	10.000,00	10.000,00	18.329,66
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	2.243,04	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	0,00	10.000,00	10.000,00	0,00
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	2.243,04	10.000,00	10.000,00	0,00
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKI)	2.976,97	0,00	0,00	0,00
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK (UNDERSKUD)	0,00	6.000,00	6.000,00	2.243,04

Førde 04.02.2020

Tone Myklebust

T. Myklebust

Terje Guddal

Ålhus sokn - balanse 2019				
Konto		Spes		Rekneskap 31.12.2019
51020020	Bankkonti	1330	Ålhus sokn, 3703.30.09098	149 701,01
51375002	Kundefordringar (manuelle)	1422	Kundefordring Ålhus	12 540,02
53299001	Leverandørgjeld (manuelle)	1412	Lev. gjeld Ålhus sokn	-14 510,00
55199700	Bundne driftsfond	7030	Fond, Ålhus sokneråd	-144 754,06
55950000	Mindreforbruk	1351	Mindreforbruk Ålhus	-2 976,97
				0,00

SLUTTORD

Gudstenestene er det sentrale arbeidet i kyrkjelyden. Vi set pris på frammøtet i kyrkja, både dei som kjem ofte til gudsteneste og dei som kjem sjeldnare.

Tek med nokre utfordringar biskopen gav oss som er aktuelle utfordringar kvart år.

- Gå til gudsteneste regelmessig, fordi det er der de høyrer til, fordi de treng å høyra evangeliet sagt til dykk, og for å gje Gud ære!
- Styrk og hald oppe det trusopplæringsarbeidet de no har.
- Forkynn fram gjevargleda!

Ålhus sokneråd vil takke alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid. Ei stor takk og til dei som har gitt pengegåver til kyrkjelege formål.

For Ålhus sokneråd
Marta Fimreite